



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hugo Morken, 55 57 21 17

Vår dato  
25.10.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2014/10887 423.2  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Vedk. klage over matrikkelføring - Gnr. 140 bnr. 53

Advokat Randi Hansen Våge har gjort Fylkesmannen merksam på at ho på vegne av sine klientar i brev til Lindås kommune den 22.10.2014 mellom anna sette fram klage over kommunen si matrikkelføring av eigedomen gnr. 140 bnr. 53.

Advokat Våge har ikkje fått noka tilbakemelding og etterspør svar i brev til kommunen av 23.08.2016. Ho har vidare tatt opp saka i brev til Fylkesmannen av 07.10.2016.

Fylkesmannen er etter matrikkellova § 46 andre ledd klageinstans over kommunale vedtak etter denne lova. Vi kan ikkje sjå å ha fått tilsendt den aktuelle klagesaka, og legg difor til grunn at denne framleis er til førebuing i kommunen, jf. forvaltningslova § 33. Då det er gått lang tid sidan klage vart sendt inn, utan at klagar har fått noka tilbakemelding, vil vi oppmode kommunen å gje klagar ei tilbakemelding om kva som er status i saka, og når det kan forventast eit svar. Vi viser til føresegna i forvaltningslova § 11a om at ei sak skal førebuast og avgjerast utan ugrunna opphald. Dersom det må ventast at det vil ta lang tid før eit svar kan forventast skal det givast eit foreløpig svar.

Med helsing

Anne Kjersti Sande  
seksjonsleiar

Hugo Morken  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Advokatfirmaet WKS v/advokat Randi Hansen Våge    Strandgaten 59    5004    BERGEN